

Fylkesmannen i Hordaland

## Spørsmål knytt til dispensasjon frå gratis skoleskyss i vidaregåande skole

Vi viser til brev frå dykk 13.02.2018, der de spør om å få klargjort om vilkåra som de legg til grunn i dykkar dispensasjonsvedtak, er i tråd med forskrift til opplæringslova (forskrifta) § 10-3. De bed oss spesielt å ta stilling til tredje strekpunkt i forskrifta § 10-3, og vurdere det departementet har uttalt til dette punktet og dykkar praktisering av vilkåra.

De skriv at det er fylkesmannen som fattar vedtak om dispensasjon frå kravet om gratis skoleskyss for elevar i den vidaregåande skolen etter delegering frå departementet. De skriv òg at de har vidareført vilkåra som departementet i si tid la til grunn, som går ut på at det i tillegg til vilkåra i forskrifta § 10-3, er vilkår om at eit kollektivtilbod må vare etter kl. 21.00 i helgene. På grunn av spørsmål frå Hordaland fylkeskommune, ønskjer de å få klarleik i om vilkåra de legg til grunn i dispensasjonsvedtaka er i tråd med forskrifta § 10-3.

### Rettsleg utgangspunkt

Hovudregelen om skyss i den vidaregåande skolen følgjer av opplæringslova (oppl.) § 7-2 første ledd. Det følgjer av føresegna at «*Elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda. Departementet kan gi forskrifter om at skyssbehovet til elevane i særskilde tilfelle kan dekkjast på andre måtar*». Med heimel i oppl. § 7-2 har departementet gitt føresegn om vilkår for dispensasjon frå kravet om gratis skyss i forskrifta § 10-3.

Dispensasjon frå plikta til å sørge for gratis skoleskyss etter oppl. § 7-2 kan gjevast etter søknad til fylkesmannen, når fire vilkår er oppfylte. Det er vilkåret i tredje strekpunkt de ønskjer at vi uttalar oss om. Det følgjer av strekpunktet at: «*Rabattkortet må i tillegg til ordinær skoleskyss kunne nyttast både på dagtid og kveldstid alle dagar. Dei aktuelle kollektive transportmidla som rabattkortet gjeld for, må vere godt utbygde og ha jamlege avgangar*».

### Nærmare om forskrifta § 10-3 tredje strekpunkt

Det følgjer av forarbeida til føresegna om rabattkortordninga, Innst.O. nr. 49 (1993-1994), at: «*Flertallet mener disse ungdoms/miljøkortene er positive, idet både ungdom som har krav på fri skoleskyss og ungdom som ikke har det, kan benytte kollektive transportmidler også utenom skolereiser [...] Flertallet vil derfor åpne for at det kan søkes om dispensasjon fra departementet for fri skoleskyss under følgende strenge kriterier: Ungdoms/miljøkortet skal være sterkt subsidiert, og det må finnes et godt utbygd kollektivtilbud på stedet. Kortet må være tilgjengelig for all ungdom i de aktuelle aldersgrupper og må kunne benyttes alle ukens 7 dager.*»

Dåverande Utdannings- og forskingsdepartementet tolka i 2002 dette slik at eit kollektivtilbod som varar fram til kl. 21.00 eller kortare i helgene, ikkje tilfredsstillar krava i forskrifta. Departementet grunn gav dette med at utgangspunktet er at alle elevar som oppfyller krava i lova om reiseavstand på 6 km mellom heim og skole, har ei lovfesta rett til skyss. Vidare uttalte departementet at det er stilt strenge krav i forskrifta for å gjere avvik frå den lovfesta retten, og det kan berre gjerast unntak frå denne lovfesta retten i dei tilfella

og på dei områda der alternativet – ei rabattkortordning – vil verke som ei god ordning for dei elvane det gjeld.

Det har ikkje vore endringar i verken oppl. § 7-2 fyrste ledd eller i forskrifta § 10-3 tredje strekpunkt<sup>1</sup> sidan departementet i 2002 kom med si tolking av føresegna. Vi meiner derfor at det ikkje er noko som tilseier at føresegna skal tolkast annleis enn i 2002.

Vi vil også leggje til at Sivilombudsmannen har uttalt seg om forskrifta § 10-3 tredje strekpunkt i 2009<sup>2</sup>. Sivilombudsmannen uttalte at dei aktuelle kollektive transportmidla verken var godt utbygde, hadde jamne avgangar eller at eleven kunne nytte rabattkortet på dagtid og kveldstid alle dagar. Sivilombudsmannen viste til at det berre gikk ein buss, utan retur, frå bustaden på kvardagar etter at eleven kom heim frå skolen. Vidare blei det vist til at det ikkje gjekk bussar etter kl. 15.53 på laurdagar, at det ikkje var noko busstilbod på søndagar og at eleven ikkje kunne nytte buss verken til eller frå nokre av dei organiserte fritidsaktivitetane hennar. Sivilombudsmannen uttalte at ordlyden i forskrifta § 10-3 og forhistoria samt at forskriftsheimelen i oppl. § 7-2 omhandlar «særskilde tilfelle», viser at kollektivtilbodet må vere av eit visst omfang.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av dette, meiner vi at departementet si tolking av oppl. § 7-2 i samanheng med forskrifta § 10-3 tredje strekpunkt, framleis gjeld.

Vennleg helsing

Hilde Austad  
avdelingsdirektør

Nora Persvold  
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

---

<sup>1</sup> § 10-3 tredje strekpunkt i forskrift til opplæringslova av 01.08.1999 blei i sin heilskap vidareført i ny forskrift av 01.08.2006.

<sup>2</sup> SOMB-2009-50